

Kulturdepartementet

Oslo, 3. september 2014

Høyringsfråsegn om NRK-plakaten

Vi viser til høyringsbrev av 6. juni 2014.

I dette høyringssvaret rettar vi merksemda mot NRKs rolle og ansvar som formidlar av norsk språk, med vekt på vilkåra for nynorsk.

NRK skal ha klare mål for nynorsk på alle plattformer.

NRK skal framleis ha klare mål for nynorsk i sendingane sine. Det er viktig at ein då held på 25-prosentregelen, også på www.nrk.no. Men dette må òg gjelda for andre plattformer, til dømes NRKs kontoar i sosiale medium som Facebook og Twitter. Med stadig meir produksjon på nett, er det viktig å ha medarbeidarar som meistrar og brukar begge målformene på nettsidene til NRK.

NRK skal løfte fram normert nynorsk tale

Som hovudregel bør manusbundne sendingar vera prega av normert språk. Den eine sida av dette er forståinga hjå lydarar/sjåarar. I vesentleg side ved dette kravet er omsynet til innlæring av skriftspråket.

Normert tale gjev òg det beste utgangspunktet for å kunna sitera frå sendingane, utan rom for utilsikta meiningsendringar som kan oppstå i omforminga frå dialekt til skriftspråk.

NRK bør gje gode vilkår for NRK Nynorsk mediesenter.

Sidan hausten 2004 har NRK Nynorsk mediesenter utdanna hundre studentar. Dette er eit viktig tiltak på vegen til å nå måla om jamstelling. Det er frametter viktig at NRK Nynorsk mediesenter får gode vilkår og vert nytta til å styrkja nynorskdugleiken blant NRKs medarbeidarar.

Tillegg i språkkrava – redaksjonelt administrasjonsspråk og digitale plattformer

Språklege krav må òg gjelda i den meir administrative språkbruken. Svært lite av eigenreklame, emneknaggar, titlar m.m. er på nynorsk. Vi ønskjer difor følgjande tillegg til § 14 d i plakaten:

Både bokmål og nynorsk skal brukas som redaksjonelt administrasjonsspråk overfor publikum.

Jf. avsnittet om nynorsk på alle plattformer ønskjer vi eit tilleggspunkt til § 17 – nytt §17 f:
NRKs tilbod av digitale tjenester skal følgje de samme reglene for bruk av bokmål og nynorsk som er presisert ovenfor.

Med venleg helsing
Mediemållaget

Berit Rekve
leiar